

Nokre velmeinte råd til Kunnskapsministeren

Av Sigmund Sunnanå

Eg stiller meg i køen av gratulantar for Kari Nessa Nordtun som kunnskapsminister. Det er flott at ho tek på seg denne oppgåva. Utfordringane for henne er mange, og forventningane store. Eg tillet meg å koma med nokre råd for grunnskulen og lærarutdanninga som ho kan vurdera i departementet.

- Kompetansemåla i læreplanane for grunnskulen bør gjerast rettleiande i staden for å vera krav om kva elevane «skal kunne og forstå ...».
- Timetalet i teoretiske fag bør reduserast og aukast i praktiske og estetiske fag.
- Talet på lokale, nasjonale og internasjonale prøver bør reduserast. Elevane bør sleppa å stadig vera i ein vurderingssituasjon.
- Lærarane sin autoritet i klasserommet bør styrkast. Lærarane må kunna kjenna seg trygge på jobb. Dei må unngå å bli slått, sparka og trua (sjå Utdanning nr. 9, 6. oktober 2023). Lærarane må til dømes kunna irettesetja og rettleia ein elev/elevlar utan å risikera å bli melde for krenking og trakassering.
- Ta bort kravet om at ein lærar må ha 30 poeng i norsk og matematikk for å kunna undervisa i desse faga på barnesteget, og 60 poeng for å kunna undervisa i dei same faga på ungdomssteget. Det bør vera ei sak for rektor og skulen å kunna avgjera korleis den samla kompetansen i personalet best kan nyttast.
- Lærarane bør få betre lønns og arbeidsvilkår, og større fridom og høve til å planleggja og gjennomføra undervisning som er interessevekkjande og tilpassa elevane sine føresetnader og lokale forhold.
- Den obligatoriske lærarutdanninga bør vera fire år med høve til å ta mastergrad som frivillig ordning for studentar og vidareutdanning for lærarar.
- Lærarutdanningsinstitusjonane bør få større fridom til å organisera utdanninga, til dømes bør studentane i 1-7 og 5 – 10 kunne utgjera ei samla gruppe der studentane kan velja fagsamansetjingar som er innretta mot undervisning på barnesteget eller ungdomssteget. Det bør gjerast forsøk med nye modellar for innhald og organisering av lærarutdanninga som er tilpassa lokale forhold.
- Dei praktiske og estetiske faga bør styrkast i utdanninga.
- Praktisk lærararbeid bør styrkast, til dømes ved at studentane nyttar eitt av studieåra til praktisk lærararbeid med rettleiing ved ein skule eller skular i ein kommune.
- Sosiale og kulturelle aktivitetar bør vera ein del av lærarstudiet.
- Det bør setjast i verk spesielle tiltak for å få betre rekruttering til lærarutdanninga. Tilrådingane frå utvalet som har vurdert nye opptaksreglar, bør gjennomførast.

Etter mi vurderinga kan dei fleste av desse råda gjennomførast utan større kostnader for staten. Det trengst heller ikkje grundige utgreiingar frå «ekspertutval». Departementet kan bestemma det meste, og kunngjera endringane med rundskriv.